

## KOMMUNALT VINTERVEDLIKEHALD AV PRIVATE VEGAR

Dette reglementet er vedteke i kommunestyressak nr 53 / 19 den 18.06.2019 og k – sak nr 65/19 den 19.09.2019

### Inngangskrav for søknad:

- Minimum veglengde frå offentlig veg må vere 200 meter, eller fram til husstand som mottok heimesjukepleie eller heimehjelp.
- Minimum 1 fastbuande husstand.
- Eigenandel for kommunalt ansvar er i hendhald til kommunestyret sine årlige budsjettvedtak.
- Særlige tilfelle som ikkje høver desse kriteria blir avgjort av formannskapet etter grunngitt søknad.
- Søknadsfrist for ordninga er 1.9. kvart år. Søknader innkomne etter denne fristen kan ikkje rekne med å bli inkludert i vintervedlikehalde fyrstkommande sesong.
- Ordninga kan ikkje gjerast gjeldande for private som driv næringsverksemd.
- Dersom vær – og føreforhold tilseier det, så må dei offentlig kommunale vegane prioriterast først før brøytinga/strøing blir utført på private vegar.

### Organisering:

For vegen må det veljast eit vegstyre med ein ansvarleg kontaktperson. Denne kontaktpersonen må ha fullmakt til å representere vegstyret i forhold til kommunen, og m.a. ha som oppgåve å:

- Søke om kommunalt vintervedlikehald av vegen.
- Inngå bindande avtale med kommunen.
- Utføre betringar på vegen etter krav frå kommunen.
- Elles all anna kontakt mellom vegstyret og kommunen

Styret må sørge for at alle oppsitjarane er viljuge til å delta i ordninga, og betale sin eigenandel. Styret samlar inn desse eigenandelane, og kommunen sender eit samla krav på dette før brøytesesongen startar.

### Hustand som mottok kommunale helse og - omsorgstenester:

- Omsorgsnemnda avgjer søknadar om kommunalt vintervedlikehald, og omfanget av dette for husstandar som mottok kommunale helse – og omsorgstenester.
- Ordninga gjeld ikkje for fritidsbustadar.
- Omsorgsnemnda gjer vedtaket kjent for ansvarlig eining for vintervedlikehald som formidlar dette vidare til aktuell kontraktør for praktisk utføring.
- Ordninga blir gjeldande frå og med 01.01.2020 og betalingsssats blir innarbeid i gebyrregulativet for 2020.

### **Vegstandard:**

Vegen må ha ei bredde på min. 3,5m + skuldre på min 0,25m på kvar side. Vegens overflate må vere jamn, utan vesentlege hjulspor eller humpar.

Overflata må bestå av eit slitelag av fast, godt komprimert veggrus av god kvalitet, eller fast dekke.

Standarden på vegen skal godkjennast av drift og forvaltning Bygland kommune saman med brøytekontraktør før brøytesesongen starter.

I enden av vegen må det vere god snuplass som er stor nok til å snu med traktor m/strøkkasse, renovasjonsbil o.l.

Gjerder, hekker, planter o.s.v. må ikkje stå nærare vegkanten enn at det er god plass til brøytekannt. Min. 2,5m.

Tre som legg seg inn over vegen v/snølast må fjernast.

V/ søknad om bygging langs desse vegane, vil krav som gjeld byggings langs kommunale vegar, kome til anvending. F.eks: Avstand til bygning: 12m.

### **Skader:**

Arbeidet med brøyting og sandstrøing vil foregå etter behov, og etter vanleg standard. Evt. skader som måtte oppstå på veg og grøfter, eller planter, gjerder, bygninger o.a. som står nærare vegen enn dei angjevne avstander, er kommunen uvedkomande.

Det same gjeld for gjenstander fom ikkje er fjerna frå veg/snuplass og som p.g.a. verforhold ikkje kan sjåast.

### **Parkerte kjøretøy:**

Er biler e.a. parkert eller nedsett slik at dei er til hinder for utføring av vedlikehald, eller at det er fare for at skader kan oppstå, kan arbeidet avsluttast der hindringa oppstår.

### **Oppseiing:**

Kommunen har rett til å seie opp inngått avtale dersom vilkåra ovanfor ikkje blir fylgde. Dersom vegstyret ynskjer å seie opp avtaken, må dette gjerast før 1/6 i oppseiingsåret.